



Byggm Steinar Thunold AS
Sollsmittet 2
5136 MJØLKERÅEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 17/2282 - 17/19915

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
10.10.2017

Godkjenning GBNR 23/380 - Løyve til innvending konstruksjonsendring

Administrativt vedtak. Saknr: 273/2017

Tiltakshavar: Martine Hagen Skauge
ansvarleg søkjar: Byggm Steinar Thunold AS
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) §§ 20-1 og 20-3.

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om løyve til utskifting av innvendig bærevegg med stålbejelke i eksisterande bustadbygg på gbnr 23/380, Frekhaug i Meland kommune.

Det vert elles vist til søknad motteken 04.10.2017.

VURDERING:

Planstatus:

Eigedommen ligg i regulert bustadområde innanfor Reguleringsplan for Nordgarden – Frekhaug (arealplanid 125619961113). Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Nabovarsel:

Det er ikkje naudsynt med nabovarsling av dette tiltaket, jf pbl § 21-3, 2. ledd.

Plassering av tiltaket, utforming og utsjånad:

Tiltaket blir godkjent i samsvar med teikningsmateriale vedlagt søknaden. Tiltaket stettar plan- og bygningslova sine krav til utforming, funksjon og utsjånad, jf pbl §§ 29-1 – 29-4.

Ansvarsrettar:

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Ansvarsrettar og tiltaksklassifisering i saka går fram av erklæringar om ansvarsrett og gjennomføringsplan vedlagt søknaden. Ansvarleg i byggjesaker står inne for at tiltaket blir utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lova, jf pbl § 23-1.

Ansvarleg søker skal samordne dei ansvarleg prosjekterande, utførande og kontrollerande, og sjå til at alle oppgåver er belagt med ansvar, jf pbl § 23-4, andre ledd.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl) § 20-1, jf § 21-4 løyve til utskifting av bærevegg med stålbjelke i eksisterande bustadbygg på gbnr 23/280 i Meland kommune, jf søknad journalført motteke 04.10.2017. Plassering og utforming av konstruksjonar skal vere som vist på vedlagte teikningar journalført motteke same dato.

Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendte erklæring, jf pbl § 23-3, andre ledd.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden blir registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse. Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket blir innstilt i lengre tid enn 2 år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gitt i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framt ikkje anna følgjer av dette vedtaket.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Ståldrager for Hagewick på Frekhaug
Skjerm bilde 2017-10-04 kl. 08.23.57

Kopi til:

Martine Hagen Skauge	Havnevegen 64	5918	FREKHAUG
----------------------	---------------	------	----------

Mottakrar:

Byggm Steinar Thunold AS	Sollsmittet 2	5136	MJØLKERÅEN
--------------------------	---------------	------	------------